

## Møteinnkalling

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag 21.11.2024  
**Tid:** Kl. 18.30 - 21.00  
**Ord for dagen:** **Kari Raunholm**

Forfall må meldast til kyrkjeverja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Lillianne Drønen Jæger møter som vara. Andre varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

### Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	Leiar
Anne Marie Røed	Nestleiar
Tom Rydland	Medlem
Anne Kristin Skår	Medlem
Håkon Rydland Sæbø	Medlem
Mette Elisabeth Lambach	Medlem
Bård Inge Bø	Medlem
Kari Raunholm	Medlem
Olav J. Oma	Sokneprest
Gisle Levåg	kommunal representant
Lillianne Drønen Jæger	1. vara

Fitjar, 15.11.2024

Svein Lunde  
soknerådsleiar

Harald Rydland  
kyrkjeverje

## Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2024/61	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2024/62	012.1	Godkjenning av referat frå sist møte	X
2024/63		Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	X
2024/64		Rekneskapsrapport for januar-september 2024	X
2024/65		Møteplan for 1. halvår 2025	X
2024/66		Meldingar	X
2024/67		Open post	X
2024/68		Høyring om valordning	
2024/69		Gudsteneste- og kollektliste for 1. halvår 2025	
2024/70		Søknad om fritak som medlem i soknerådet	
2024/71		Evaluering av frivilligfest	
2024/72		Val av leiar og nestleiar	

## Vedlegg

1. Referat frå gudstenesteutvalet
2. Notat om gudstenesteordning
3. Gudstenesteliste for 1. halvår 2025
4. Brev til kommunen om vassavgifta for 2023
5. Møteplan/årshjul for 2025
6. Brev om kyrkja si valordning (utkast)

### **Sak 2024/61 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saklister er godkjent.

### **Sak 2024/62 012.1 Referat frå sist møte**

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referat frå møte den 19.09.2024.

### **Sak 2024/63 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkielyden**

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

### **Sak 2024/64 Rekneskapsrapport for januar-september 2024**

Økonomireglementet for Fitjar sokn har med at soknerådet skal få framlagt rapport over det økonomiske resultatet gjennom året. På dette møtet vert det rapportert for perioden januar – september. Kyrkjekontoret har i år overteke meir av det daglege arbeidet med økonomi og rekneskap. Tidlegare har kommunen sin økonomiavdeling v/ Atle Vestbøstad hatt ansvar for dette. Atle har vore til stor hjelp med opplæring, slik at våre egne medarbeidarar har fått kunnskapen som skal til.

I desse dagar er me i ferd med å komma ajour med rekneskapen fram til september. Rapporten vil difor bli lagt fram og gjort greie for i møtet. Då vert det og høve til å stilla spørsmål til det som vert lagt fram.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek resultatrapporten for januar – september 2024 til vitande.

### **Sak 2024/65 Møteplan for 1. halvår 2025**

Framlegg til møteplan er vedlagt innkallinga. Det er i framlegget lagt opp til møte kvar månad med møtedag på torsdag og tidsramme for møta kl. 18.30 – 21.00. Arbeidsutvalet har som regel førebuingssmøte to veker før soknerådsmøtet. Dersom det er eigne tema eller saker soknerådet vil merka av i møteplanen er det fint om det vert sagt frå om i møtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet godkjenner møteplanen for 1. halvår 2025 med dei endringane som vart lagt til i møtet.

### **Sak 2024/66 Meldingar**

Under meldingar vil det verta lagt fram informasjon om m.a. desse sakene:

- a) Nytt brev frå kommunen om vassavgifta for 2023 (Kyrkjeverja)
- b) Status for gravplassprosjektet (Kyrkjeverja)
- c) Referat frå møte i gudstenesteutvalet (Soknepresten)
- d) Notat om gudstenesteordninga (Soknepresten)
- e) Behov for ny klokkar frå nyttår (Soknepresten)

### **Sak 2024/67 Open post**

### **Sak 2024/68 Høyring om valordning for kyrkja**

Under evalueringa etter soknerådsvalet hausten 2023 utarbeidde soknerådsleiaren og kyrkjeverja eit brev om manglar i valordninga, m.a. på det som gjeld førehandskumulering på listene. No har kyrkerådet ute ei høyring som handlar om akkurat slike tema, der soknerådet er invitert til å komma med høyringssvar. Leiaren vil at soknerådet drøftar saka og gjerne gjer vedtak om kva som skal sendast inn i samband med høyringa. Det kan vera fleire tema som kan vera aktuelle å ta med i eit høyringssvar. De finn utkastet som vart skrive hausten 2023 som vedlegg til innkallinga.

Her har de lenke til høyringa: <https://www.kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkeradet/hoeringer-fra-kirkeradet/rammer%20for%20kirkevalget%202024/>

### **Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram framlegg til vedtak i saka.

### **Sak 2024/69 Gudsteneste- og kollektliste for 1. halvår 2025**

Gudstenesteutvalet har utarbeida framlegg til gudsteneste- og kollektliste for 1. halvår 2025. Soknepresten vil orientera soknerådet om saka på møte.

### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet godkjenner den framlagde gudsteneste- og kollektlista for 1. halvår 2025 med desse endringane:

- a)
- b)
- c)

### **Sak 2024/70 Søknad om fritak som soknerådsmedlem**

Bård Inge Bø har komme med søknad om fritak frå vervet som medlem av Fitjar sokneråd for resten av valperioden. Søknaden er grunngeven med utfordringar med helsa som gjer at det er for krevjande å ivareta vervet på ein god måte.

I ordninga for Den norske kyrkja som kyrkjerådet fastsette 30. mars 2019 står det slik om det som er relevant for vår sak:

*§ 10 Uttreden av menighetsrådet i valgperioden*

*Menighetsrådet kan etter søknad fritta, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessige vanskeligheter eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet.*

Slik teksten er utforma er det mykje opp til soknerådet sitt skjøn å avgjera om eit medlem skal få fritak frå vervet eller ikkje. Når grunngevinga i vår sak er helsemessige utfordringar bør soknerådet rekna dette som god nok grunn for å gje fritak.

Etter den same paragrafen skal første vara tre inn som fast medlem frå det tidspunkt som fritaket vert gjeve.

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar sokneråd gjev Bård Inge Bø fritak frå vervet som medlem i soknerådet for resten av valperioden. Lillianne Drønen Jæger trer inn som fast medlem i soknerådet.

### **Sak 2024/71 Evaluering av frivilligfesten på Fitjar Bedehus**

Gudstenesteutvalet arrangerte frivilligfest på Fitjar Bedehus måndag den 4. november. Dei ynskjer at soknerådet tek ei evaluering av arrangementet. Medlemer frå gudstenesteutvalet vil gje meir informasjon på møtet.

### **Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram framlegg til vedtak i saka.

### **Sak 2024/72 Val av leiar og nestleiar**

Det har vore vanleg at Fitjar sokneråd vel leiar og nestleiar for eitt år på det siste rådsmøte for året. Svein Lunde er for tida leiar medan Anne Marie Røed er nestleiar. Kyrkjeverja gjer ikkje meir med saka enn å setja den på saklista. Soknerådet må sjølv finna kandidatlar til dei to verva og gjennomføra valet. Sokneprest Olav J. Oma har for tida oppdraget med å skriva referat frå soknerådsmøta. Om han skal halda fram med det, eller soknerådet vil ha ei anna ordninga, kan og takast opp i denne saka.

### **Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram framlegg til vedtak i saka.